

# Ordensreglement.

Skulane i Vindafjord har eit felles ordensreglement. Punkt 1-7 er likt for alle skulane, punkt 8 er lokale konkretiseringar. Når det gjeld dei lokale konkretiseringane for Bjoa skule, er dei no reviderte og samla i Trivselsreglar for skulen.



## **1. Lovheimel**

Ordensreglementet er heimla i

### 1. Opplæringslova, § 2-9:

*"Kommunen skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskolen. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åferd, reglar om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast."*

Kommunestyret har delegert vedtaksretten i §2-9 til rådmannen, som har delegert vidare til rektor ved skulen.

### 2. Opplæringslova §9a-1:

*"Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykologisk miljø som fremjar helse, trivsel og læring"*

## **2. Verkeområde**

Ordensreglementet gjeld i skuletida, på skulevegen og ved tilstellingar under leiing av skulen.

Punkt 1-7 gjeld for alle skulane i Vindafjord. Den einskilde skulen kan i tillegg ha utfyllande reglar, tilpassa lokale tilhøve. Dette har punkt nr. 8.

## **3. Åtferd**

Alle skal visa omsyn og respekt for andre, slik at ein ikkje skadar, sårar eller er til plage for medelevar eller vaksne på skulen.

## **4. Undervisningssituasjonen**

Det skal vera ro og orden i samband med opplæringa. Elevar skal møta førebudde, vera punktlege, visa god arbeidsinnsats, ha med nødvendige læremiddel og følgja opp avtalt arbeid.

## **5. Eigedom**

Alle har rett til å ha tinga sine i fred. Skade på skulen sin eigedom kan måtta reparerast eller erstattast.

## **6. Konsekvensar ved brot på ordensreglementet**

1. Irettesetjing
2. Samtale med elev og foreldre / føresette. Melding heim, skriftleg eller munnleg. Eleven skal vera orientert når merknad blir sett.
3. Nedsett ordens/åtferdskarakter
5. Eleven får i ein periode avgrensa rettar på skulen.
6. Utvising frå skulen etter gjeldande reglar.  
Jmfr. Opplæringslova §2-1

## **7. Vurdering i orden og åtferd**

Vurdering i orden og åtferd er ein del av undervegsvurderinga. Det skal givast halvårvurdering utan karakter i orden og åtferd i heile opplæringsløpet.

I ungdomsskulen blir det tillegg sett karakter i orden og åtferd, jmfr. Forskrift til Opplæringslova §3-5.

## **8. Lokale konkretiseringar for Bjoa skule:**

### **Trivselsreglar for Bjoa skule.**

**Bjoa skule skal vere ein trygg og god skule der me vil vise ansvar, omsorg og respekt, og ha eit godt læringsmiljø for elevar og tilsette.**

#### **Du har rett på:**

- at alle viser respekt for deg og meiningsane dine
- at ingen snakkar stygt om deg, ertar deg eller plagar deg på andre måtar
- at andre ikkje ler av deg når du snakkar alvorleg, men er høflege og greie mot deg
- at du ikkje blir uroa i aktivitetane dine
- at klasseromma er sunne, hyggelege og trivelege å vere i
- at lærarane grip inn dersom du eller andre blir plaga
- at du ikkje blir fysisk refsa eller utsett for anna krenkjande handling

#### **Du har ansvar for:**

- å komme presis til timane
- å gjere skullearbeidet til avtalt tid
- at ingen blir haldne utanfor, men får vere med i leiken
- å vere lydig mot personalet ved skulen
- å gå i klasserom og korridorar
- å hjelpe til å halde det reint og ryddig ute og inne
- å halde deg på skulen sitt område som er avgrensa av fotballbanen i sør, trimløypa rundt grusbanen i vest og gjerdet som går rundt skulen mot nord og aust

### **Me minner om:**

- at banning, slossing, mobbing, snøballkasting, snøvasking og å uroa andre sin leik er å visa manglande ansvar, respekt og omsorg
- krenkande og ulovleg åtferd er til dømes: -fotografering av medelevar og legge bileta på nettet, negativ omtale på nettside, negative sms, snap, rasistiske utsegn og handlingar, seksuell trakassering, sjikane pga religion, legning eller livssyn, hærverk, valdsbruk, mobbing, trugsmål.
- at det ikkje er lov å bruka mobiltelefon eller elektroniske apparat på skulen. Desse skal ligge avslått i sekken gjennom heile skuledagen. Brot på regelen medfører at telefonen/apparatet blir inndratt (Telefon/apparat kan ein hente etter skuletid, men ved gjentaking må foreldre henta dette)
- at det generelt ikkje er lov å ha med seg snop på skulen og at alle har med sunn skulemat. Elevane på mellomtrinnet har lov å ha med seg tyggegummi. Ein må elles ha med melding dersom ein skal ha med halspastillar
- at alle må kle seg etter véret

### **Tiltak ved mobbing:**

- I løpet av skuleåret 2019-20 vert skulen sertifisert som ein Olweus-skule. Det vil seie at me jobbar ut frå Olweus-programmet mot mobbing og antisosial åtferd. Hovudmålsettinga er å skape eit trygt og godt læringsmiljø for alle.
- Dei fleste som går på Bjoa skule har det veldig bra, men me er ikkje fornøyd før alle elevane trives og har det greit i forhold til medelever og vaksne på skulen. Derfor arbeidar me jamt og trutt med tiltak som kan betra skulekvardagen for alle.
- Olweus-reglar:1.Me skal ikkje mobbe andre. 2. Me skal forsøke å hjelpe elevar som blir mobba. 3. Me skal og vera sammen med elevar som lett blir åleine. 4. Hvis me veit at nokon blir mobba, skal me fortelja det til ein voksen
- Me har nulltoleranse mot mobbing og følgjer «Handlingsplan for eit godt psykososialt miljø i Vindafjordskulane»